



Arkivnr: 2015/3575-5

Saksbehandlar: Charlotte Espeland

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		23.09.2015

Kunstnarutveksling mellom Hordaland og Nedre-Normandie

Samandrag

Hordaland fylkeskommune formaliserer samarbeidet med La Région Basse-Normandie, L'ésam – Ecole supérieure d'Art & Médias Caen/Cherbourg og Kunst- og designhøgskolen i Bergen ved å inngå ein fireårig samarbeidsavtale om utveksling av nyutdanna kunstnarar.

Avtalen har blitt til med bakgrunn i fornya samarbeidsavtale mellom regionen Nedre-Normandie og Hordaland fylkeskommune, underteikna av fylkesordføraren 22. mai 2013, og handlingsplan 2013-2015, underteikna av fylkesvaraordføraren. Avtalen vart handsama i Kultur- og ressursutvalet 16. april 2015, med følgjande vedtak: *Kultur- og ressursutvalet rår til at framlagt avtale vert inngått mellom Hordaland fylkeskommune, La Région Basse Normandie, L'ésam – Ecole Supérieure d'Arts & Médias Caen/Cherbourg og Kunst- og designhøgskolen i Bergen.*

I Basse-Normandie er det lagt opp til at avtalen skal signerast av presidenten av regionen.

Forslag til vedtak

1. Hordaland fylkeskommune inngår framlagt avtale med La Région Basse-Normandie, L'ésam – Ecole supérieure d'Art & Médias Caen/Cherbourg og Kunst- og designhøgskolen i Bergen.
2. Fylkesordførar får mynde til å signere framlagt avtale.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Anna Elisa Tryti
fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Fylkesrådmannen, 07.09.2015

Viser til saksopplysning i sak 2015/3575-1 som vart handsama av Kultur- og ressursutvalet 16. april 2015.